



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1100 - 18/22784

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
13.07.2018

Utsleppsløyve for minireinseanlegg - gbnr 55/39 Bruvoll

Administrativt vedtak: **Saknr: 368/18**

Byggestad: Gbnr: 55/39
Tiltakshavar: Bent-Arne og Arne Rognaldsen
Ansvarleg søker: Seim Bygg AS
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for tomannsbustad på gbnr 55/39.

I søknaden er det opplyst at utsleppet fra eideommen skal reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg av typen Biovac FD 10N GRP før utsleppet vert ført vidare til myrområde.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 8 PE.

Det vert elles vist til søknad mottatt 23.03.18.

Planstatus

Eideomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål.

Det er i politisk sak, vedtak 088/18 gjeve dispensasjon for etablering av tomannsbustad med tilhøyrande anlegg, vedtak datert 13.06.18.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn slik uttale frå Teknisk drift – VA-avdeling den 01.06.18:



Har sett på saka. Denne tomannsbustaden ligg teoretisk innafor nedslagsfeltet til Storavatn, men av renning frå hundvinvassdraget går mot det nordre del av Storavatn, og viare mot Kjeggjavatn. Slik eg ser det er det ikkje noko problem med bustadbygging på Bruvoll. Reknar med at dei får krav om minireinseanlegg, og i tillegg krav om å kople seg til avløpsanlegg, dersom dette kjem i forbindelse med utbygging Bruvoll bustadområdet.

Passering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 23.03.18.

Reinseløysing

Utsleppet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD 10N GRP. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser, jf. forureiningsforskrifta § 12-8.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskriften § 12-13 2.ledd.

Serviceavtale ligg ikkje føre. Serviceavtale skal sendast inn seinast ved søknad om ferdigattest/mellombelsbruksløye for anlegget/tomannsbustaden

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegget er plassert på gnr 55/2. Utsleppsleidningen går over gnr 55/2 fram til utsleppsstad.

Det ligg føre skriftleg avtale datert 22.02.2018 mellom heimelshavar gnr 55/2 og gnr 55/39 om rett til å anlegge vann og avløpsleidningar over eigedom gnr. 55/2, retten omfattar og vedlikehald, vegrett og rett til å bore etter vatn.

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avlaupsleidning bør tinglysast på eigedomane.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast når det vert sett krav til reinsing av utsleppet i biologisk/kjemisk reinseanlegg med utsleppstad i følsamt/normalt område med 90% reduksjon av fosfor og 90% reduksjon av BOF₅.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart mottatt 23.03.18.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap 20.

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova vert handsama i eige vedtak i saksnr. 18/1100.

Vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for tomannsbustad på gbnr 55/39 på følgjande vilkår:

- 1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD 10N GRP via grøft til myr.**
- 2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 8 PE.**
- 3. Det skal liggja føre gyldig serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget til ein kvar tid.**
- 4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13 eller Lindås kommune si lokale forskrift frå mindre avløpanlegg jf. § 12-6**
- 5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**
- 6. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løye etter plan- og bygningslova.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak truffet i medhold av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forureningsloven § 85](#) annet ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak truffet av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak truffet i medhold av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnehene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablera utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstypesmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1100.

Med helsing

Siril Sylta avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bent-Arne og Arne Rognaldsen

Mottakarar:

Seim Bygg AS

Nesbrekka 28

5912

SEIM